

NOTAT

| | |
|-----------------------|---|
| GÅR TIL: | Styremedlemmer |
| FØRETAK: | Helse Fonna HF |
| DATO: | 21.04.17 |
| FRÅ: | Administrerende direktør |
| SAKSHANDSAMAR: | Anne Hilde Bjøntegård |
| SAKA GJELD: | Administrerende direktør si orientering Oppfølging HMS rapport eining for patologi |
| STYRESAK: | 31/17 |
| STYREMØTE: | 28.04.17 |

Administrerende direktør si orientering pkt. 7

BAKGRUNN:

Oppdatering av sak 059/16 frå oktober 2016 om HMS rapport for laboratorium for patologi. Det er det siste halvåret gjennomført ytterlegare tiltak for å få oversikt over omfang av eksponering av farlige kjemikalier og tiltak for å redusere eksponering av desse kjemikaliane. I tillegg er patologilaboratoriet tatt med i første byggetrinn i planane i Bygg2020.

Nye tiltak:

- Brukte formalinbeholdarar / preparatbeholdarar vert kasta – ikkje reingjort og brukt om igjen
- Auka bruk av eingongsutstyr i standen for utstyr som må vaskast
- Endra rutine for vedlikehald av framføringsmaskin og fargemaskin til tidspunkt der færre er på jobb
- Endra innkjøpsrutinar slik at det er mindre mengde kjemikalier på lager
- Endra arbeidsplan for å kunne gjøre vedlikehald når færre er på jobb
- Flytta medisinsk utstyr til anna rom for å redusere eksponeringsrisiko
- Planlagt reduksjon av lager for parafinblokker og glas i lokala til patologi kombinert med utviding av plass til lagring i fjernlager utanfor bygget
- Innført dagleg registrering og dokumentasjon av tida den enkelte tilsette er eksponert for dei ulike farlege kjemikaliane

Det er gjennomført langtidsmåling av konsentrasjon i romluft av Formaldehyd og Xylen. Alle målingane ligg under grenseverdiane. Ein av målingane er ikkje langt nok under grenseverdi til at ein sikkert kan sei at det ikkje er fare for helseskader eller ubehag . Tiltaka i lista over her er nye etter at langtidsmålinga er gjennomført. Ny langtidsmåling er planlagt utført våren 2017.

I tillegg vil bedriftshelsetenesta i Helse Fonna vurdere behov for helseundersøkingar for tilsette ved patologi ut frå arbeidsmiljølova §3-20. Helseundersøkingar skal gjennomførast dersom ein har egna undersøking som kan påvise sjukdom eller helseeffekt orsaka av dei aktuelle kjemikaliene.

Tiltak for å bytte ut medisinsk utstyr som bruker farlege kjemikaliar vert vurdert. Eventuelt nytt medisinsk utstyr som vert kjøpt inn, vil tas med i nytt bygg når dette står ferdig.